

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Valen	K1 - 026	14/866

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/16	Kommunestyret	PS	14.06.2016
035/16	Formannskapet	PS	02.06.2016

Framtidig kommunestruktur - endeleg tilråing frå Suldal kommune

1. Rådmannen si innstilling

Suldal kommune sender denne tilråinga til Fylkesmannen i Rogaland:

- a. Suldal kommune bør, grunna i geografi og avstandar til andre kommunesentra, også i framtida vera ein eigen kommune.
 - b. Området på nordsida av Hylsfjorden, som har vegutløysing gjennom Sauda, bør i framtida vera ein del av Sauda kommune.
 - c. Suldal kommune vil stilla seg positiv til ei eventuell grensejustering kor grenda Jøsenfjorden blir overført til Suldal kommune
2. Kommunestyret tek folkerøystinga i Røldal til etterretning og ser ikkje grensejustering mot Odda som aktuelt.
 3. Kommunestyret ser at det vil vera stor trong for samarbeid med andre kommunar dei neste 20-30 åra når kommunen skal halda fram som eigen kommune. Kommunestyret ber difor ordførar og rådmann om å ta initiativ mot nabokommunar for å få fram ei sak om område det vil vera naturleg å starta planlegging av eit formalisert samarbeid på.
 4. Synspunkta frå innbyggerane er godt kjent gjennom innbyggerundersøkinga. Det blir difor ikkje gjennomført folkerøysting sjølv om 1b legg opp til endringar.

Alternativ til punkt 4:

Det skal holdast folkerøysting i heile kommunen 29. august for å få ny tilbakemelding på punkt 1b. Ordførar får fullmakt til å godkjenna røysteordlyd. Rådmannen blir bedt om å førebu røystinga. Kommunestyret får presentert resultatet 13. september. Kostnader vert å utgiftsføra gjennom omfordeling i området «politikk».

Sand, <dato>

Øyvind Valen
rådmann

Vedlegg:

20.01.16. kommunestruktur - VESS - oppdatert

Utgreiing av Suldal som eigen kommune

Rapport_Suldal_innbyggerundersøkelse_april2016

Saksopplysningar:

Samandrag

Frå vinteren 2014 har heile kommune-Noreg vore oppteken av framtidig kommunestruktur. Kommunestyret i Suldal har gjort fleire vedtak i saka, og det har vore gjennomført høyring og innbyggerundersøking. I denne saka blir prosessen avslutta med eit framlegg til vedtak som skal sendast Fylkesmannen innan 1. juli.

Fakta

Historikk og tidlegare saker

Starten på arbeidet med kommunestruktur kom raskt etter stortingsvalet i 2013. I samarbeidsavtalen var det omtalt at det skulle foregå ein prosess og at vedtak skulle gjerast av Stortinget i denne stortingsperioden. Våren 2014 blei det eit bredt forlik i Stortinget som la rammer for prosessen. Kommunestyret hadde temaet opp som sak **fyrste gong i september 2014**. Det blei då bestemt at Formannskapet skulle vera styringsgruppe for den vidare prosessen. I tillegg blei det teke med at det skulle vera rådgjevande folkerøysting før endeleg avgjerd.

I tida som følgde hadde ordførar og rådmann jamleg kontakt med nabokommunar, og temaet var oppe både i Haugaland vekst regionråd, Ryfylkerådet, på møte i KS Rogaland og på møte med Fylkesmannen. Ulike prosessar enda opp med eit vedtak i **kommunestyret 17. mars 2015**. Då blei det vedteke at formannskapet framleis skulle vera styringsgruppe, ordførar skulle initiere aktivitetar som skapte medverknad og eigarskap, og rådmannen skulle sørge for forsvarleg utgreiing fram til endeleg avgjerd våren 2016. Det blei også gjort ei avgrensing i kva alternativ som skulle utgreiast:

- Suldal kommune som no, men med vurdering av grensejusteringar mot Hjelmeland, Odda og Sauda.
- Sauda, Suldal og Hjelmeland som ein kommune, eventuelt med grensejusteringar mot Odda.
- Suldal, Sauda, Etne og Vindafjord som ein kommune, eventuelt med grensejusteringar mot Hjelmeland og Odda.

Brev blei sendt dei aktuelle kommunane. Det viste seg snart at verken Sauda eller Hjelmeland var interessert i å delta i vidare prosess på alternativet med Sauda og Hjelmeland. Dette er grunnen til at berre to alternativ er utgreidd.

Våren 15 blei det invitert til folkemøte, og kommunestruktur var også tema i kommunevalkampen. Det er laga ei felles utgreiing for alternativet med Etne, Vindafjord og Sauda, samt ei utgreiing av det såkalla null-alternativet kor Suldal fortset som eigen kommune. Desse to utgreiingane følgjer denne saka som vedlegg, og blir ikkje gjennomgått på nytt her i denne saka.

Når det gjeld grensejusteringar så har prosessen avdekket tre slike:

- Styringsgruppa reiste sjølv utfordringane ved at **Hylsstronda**, etter vegutløysinga, no køyrer gjennom Sauda for å nå resten av Suldal kommune. Det var tidleg reaksjon på at denne problemstillinga var tema frå grendautvalet i krinsen, og ordførar og rådmann deltok på folkemøte i Vanvik kor det kom tydeleg fram at bygda fortsatt ville tilhøyra Suldal.

Kommunestyret vedtok likevel i mars -15 at grensejustering mot Sauda skulle greiast ut. Ei gruppe utpeika av grendautvalet i Hylsfjorden har hatt eige møte med formannskapet.

- Grendautvalet i **Jøsenfjorden** sendte i desember -14 brev til Suldal og Hjelmeland kommune kor dei ba om at Jøsenfjorden blei grensejustert til Suldal. Suldal kommune sendte svar kor kommunen informerte om at det ville vera opp til Hjelmeland kommune om det skulle lagast ein prosess på dette. Det har vore tema på ordførar / rådmannsnivå mellom Hjelmeland og Suldal, men det har ikkje vore møte med representantar frå Jøsenfjorden.
- Ei gruppe valt av folkemøte i **Røldal** sendte hausten 14 eit brev til kommunen kor dei ba om møte med Suldal kommune med tanke på grensejustering. Denne gruppa har seinare hatt to møte med ordførar og rådmann og eit møte med formannskapet i Suldal. Frå vår side har me undervegs heile tida hatt kontakt med kommuneleiinga i Odda, og det er heller ikkje teke eigne initiativ mot gruppa. Gruppa har fått utarbeidd eigen rapport som vårt formannskap har fått. Formannskapet som styringsgruppe har svara på nokre spørsmål gruppa har hatt.

Tredje og førebels siste kommunestyrebehandling var i februar 2016. Dei to rapportane blei då lagt fram, og det blei i innstillinga problematisert om det var naudsynt med folkerøysting dersom det ikkje låg forslag om samanslåing med andre kommunar. Alternativet var då ein innbyggerundersøking. Kommunestyret valde alternativet med innbyggerundersøking, men haldt fast på at det skulle vera folkerøysting sjølv om prosessen ikkje førte til samanslåingsframlegg med andre kommunar, men berre endringsframlegg i form av grensejusteringar. Mars-april 2016 har dei to rapportane vore lagt ut **på høyring**, samt at det er gjennomført ei innbyggerundersøking kor eit representativt utval er spurt.


Innbyggerundersøkinga

Saman med dei tre andre kommunane blei det henta inn tilbod på ei innbyggerundersøking. 400 personar i kommunen blei ringt opp. Ein presentasjon av heile undersøkinga er vedlegg til saka, men her blir dei viktigaste resultatata vist:


Spørsmålet om firekommunesamarbeidet var slik:

Suldal har saman med Sauda, Vindafjord og Etne utgreidd eit alternativ kor desse fire kommunane blir ein kommune. På ein skala frå 1-5, kor 1 er heilt uaktuelt og 5 er «svært ynskeleg»; Kor sterkt vil du at kommunen skal arbeida vidare med dette alternativet?

Resultatet var som vist under. 2 av 3 innbyggerar meiner dette er uaktuelt, berre 1 av 8 ser det som eit ynskeleg alternativ.



Det blei også spurt om tre andre alternativ knytt til Sauda og Hjelmeland.



Resultat her viser også at under ein fjerdedel ser det som ynnskeleg med kommunesamanslåing med ein annan kommune, uansett kva alternativ som er på tapetet.

No skal ein sjølvstøtt vera forsiktig med å trekka klare slutningar sidan det i den offentlege debatten ikkje har vore nokre røyster som har argumentert for samanslåing, men det er samtidig ingen grunn til å tvila på at suldølen generelt ynskjer å fortsetja som eigen kommune.

Det kan vera interessant å ta med seg at på tilsvarende spørsmål i Sauda svarer 42% at det er aktuelt at Sauda og Suldal er ein kommune.

Grensejusteringar var også eit tema i undersøkinga. Her var spørsmålstillinga slik at det blei spurt om kva kommune dei tre aktuelle områda burde høyra til.

Tydelegast svar får ein i spørsmålet om kor Jønsenfjorden bør høyra til. Her svarer 87 % Suldal kommune. I spørsmålet om Røldal bør høyra til Suldal eller Odda svarer 60 % Suldal, medan 53 % meiner Hylsstronda framleis bør høyra til i Suldal, 41 % Sauda.


Sauda kommune tok også med spørsmålet om Hylsstronda, og resultatet viser at 59 % av deira innbyggjarar meiner at Hylsstronda bør høyra til i Sauda kommune.

Det er også mogleg å splitta opp resultatata på krinsar, og ikkje uventa svarer 89 % av dei spurte på Hylsstronda at grenda framleis må høyra til i Suldal kommune.

Viss Hylsstronda fortsatt skal høyra til i Suldal meiner nær annakvar spurte at Suldal kan kjøpa tenester til dei i Sauda, sjølv om tenesta er tilgjengeleg på Sand.

Derimot er det eit fleire som meiner at kraftpengar som har sitt opphav i Røldal ikkje skal reserverast for bruk i Røldal enn dei som meiner dette er greit.

I tillegg var det eit siste spørsmål som tok opp ynskje om nærleik til tenestene. Her er det tydeleg at kort avstand til skule, lege og helsestasjon er viktigast, men også sjukeheim får høg score. Kommunehus, byggesak og barnevern er døme på tenester kor avstand ikkje blir oppfatta som viktig.



Status andre kommunar

Det er vanskeleg å seia kva endeleg avgjerd blir i dei ulike kommunane, sidan dei fleste er inne i same saksutgreiing som oss i mai og juni.

Sauda deltok i utgreiinga med Etne og Vindafjord som oss. Så langt ein kjenner til er innstillinga at ein skal fortsetja som eigen kommune.

Hjelmeland deltok lenge i samanslåingsprosjekt med Strand og Forsand. Folkerøysting hausten 2015 tilrådde at kommunen ikkje gjekk vidare med samanslåingsplanar. Etter dette har det ikkje vore arbeid med dette. Kommunen har så langt me kjenner til, ikkje teke opp grensejustering i formelle fora, men politisk leiing har vore tydelege på at dei ikkje ynskjer dette.

Vindafjord har vedteke å ikkje gå vidare for samanslåing med Sauda og Suldal. Derimot har formannskapet, som eit resultat av innbyggjarundersøkinga, vedteke å delta i arbeid for ein intensjonsavtale for samanslåing med Etne. Dette vil i tilfelle skje i vår / sommar med folkerøysting tidleg haust.

Etne er i same situasjon som Vindafjord.

Odda er i slutfasen med ei vurdering av samanslåing med Ullensvang og Jondal. Kommunen ynskjer ikkje grensejustering med Røldal. Folkerøystinga 23. mai viser at 80 % av innbyggjarane ynskjer ei kommunesamanslåing med andre kommunar, og 86 % vil at Røldal framleis skal tilhøyra Odda. I Røldal røysta 66 % for at bygda framleis skulle tilhøyra Odda kommune.

Lover, føresegner, rundskriv

- Inndelingslova
- Diverse rundskriv frå departement og Fylkesmann

Økonomiske konsekvensar

Basistilskotet, som i dag er eit likt beløp på 13 millionar til alle kommunar, skal endrast frå 2017. Innretninga blir då at såkalla «Frivillig små» - kommunar ikkje skal tena på å gjera dette valet. Suldal kommune har ein så stor geografisk utstrekning, og kommunen har så lang veg til andre større og små befolkningssentra, at kommunen ikkje blir sett på som «frivillig liten». Dette råker difor ikkje Suldal spesielt.

Den økonomiske konsekvensen av at kommunen blir ståande aleine er då «berre» at ein ikkje får del i dei ekstra tilskota som samanslåingskommunane får. Avhengig av kor mange kommunar ein slår seg saman med vil dette dreia seg om 20-45 million. I tillegg vil kommunen ikkje dra nytta av eventuelle rasjonaliseringsgevinstar ved samanslåing, samt auka konsesjonskraftuttak på bekostning av andelen som fylkeskommunen i dag får.

Innspel i høyringa

Dei to utgreiinga blei lagt ut på høyring i mars med svartfrist 25. april. Seks grendautval, dei tre kommunale råda som var spurt (funksjonshemma, eldre og ungdom), to fagforeiningar og næringsforeininga har svart. I tillegg er det kome svar frå Jøsenfjorden grendalag i Hjelmeland kommune, foreldregruppa i barnehagen på Nes og ein privatperson (Andreas Drarvik). Oppsummert viser høyringane:

	Grendautval	Råda	Andre
Skal Suldal kommune gå inn i samtalar med sikte på samanslutning med Sauda, Etne og	Nei	Nei	Nei

Vindafjord kommune?			
Skal Suldal kommune gå inn for grensejustering slik at områda på nordsida av Hylsfjorden blir overført til Sauda?	Hylsfjorden, og Jelsa seier klart nei, Vinjar, Ropeidhalvøya og Erfjord klart ja, medan Sand vil ha «naturlege geografiske endringar»	Eldrerådet meiner innbyggjarane der må avgjera, råd funksjonshemma svarer ja, medan det i ungdomsrådet var ulike meiningar	Andreas Drarvik argumenterer i sin uttale sterkt for kvifor ein bør seia nei til dette. Dei andre kjem ikkje med standpunkt
Bør Suldal kommune støtta eventuelle søknader frå innbyggjarane i Jøsenfjorden og Røldal om grensejusteringar for å bli overført til Suldal?	Alle meiner at kommunen skal stilla seg positiv til søknad frå Jøsenfjorden, meir usikkert og ulike svar rundt Røldal	Ja frå alle tre, men vektlegging av at det er mest aktuelt for Jøsenfjorden	Næringsforeningen og foreldregruppa i Nes barnehage argumenterer sterkt for innlemming av Røldal. Dei andre har ikkje sterke synspunkt. Jøsenfjorden bygdalag argumenterer i sin uttale grundig for grensejustering
Er det andre alternativ som kommunen aktivt bør arbeida for?	Hylsfjorden peiker på Sauda, medan Jelsa peiker på Hjelmeland	Ikkje svart	Ikkje svar
Viss Suldal skal fortsetja som eigen kommune; kva tiltak bør då kommunen gjera framover?	Fleire peiker på utvida interkommunalt samarbeid, kombinert med at grendestrukturen må oppretthaldast	Ungdomsrådet peiker på betre offentleg kommunikasjon, særleg kveld. Dei andre ikkje svart	Ikkje svart
Viss Suldal skal fortsetja som eigen kommune; kva for område eller tenester bør Suldal kommune søka samarbeid med andre kommunar om?		Ikkje svart	Ikkje svart
Er det andre ting de meiner er relevant i samband med kommunestruktur?		Råd for funksjonshemma: Nærleik til styrande organ.	Ikkje svart

Vurdering og konklusjon

Samanslåing med andre kommunar:

Høyringa og innbyggjarundersøkinga støtter kraftig opp om det standpunkt som alle politiske parti i større eller mindre grad målbar i valkampen hausten 2015. Det er lita støtte for å gå i dialog med andre kommunar med målsetting om å slå seg saman til ein større kommune.

Rådmannen kjem heller ikkje til å foreslå det, sjølv om det frå den utsiktsplassen kan virka som om utfordringane med å fortsetja aleine til dels blir sett bort i frå. Samtidig er det gode grunnar for at Suldal kan og bør leva vidare som eigen kommune:

- Geografien i Suldal er utfordrande. Det er allereie lange avstandar frå kommunesenteret til utkantar som Nesflaten/ Bråtveit, Hjorteland/Ulladalen, Vormestrand, Foreneset, Fjellet, osv.
- Det er lang avstand, mellom 5,5 og 6,5 mil, til andre kommunesentre som Ølen og Sauda.
- Suldal kommune er i stor grad eit eige bu- og arbeidsmarked. Det er ein av kommunane i Rogaland med minst inn- og utpendling, og i ei nasjonal utgreiing blir kommunen (med unnatak av Hylsstronda) rekna som ein eigen arbeidsmarkedsregion.
- Økonomien er framleis svært god. Kommunen har pr. i dag ein inntekt som er 70 % betre enn gjennomsnittskommunen. Det er særleg eigedomsskatten som gir så stor skilnad. No har kommunen – og innbyggjarane - samtidig blitt van med dette, men ulike lovforslag og meldingar viser at kommunen ikkje kan vera trygg på at dette kan vara evig.

Korleis fortsetja som eiga kommune

Fylkesmannen har i siste rundskriv lagt vekt på at kommunar som vel å stå aleine må skildra korleis dei kan gjera dette i eit 20-30 årsperspektiv. Rådmannen legg ikkje opp til å visa dette, men vil ta fram ein oversikt som står i notatet om nullalternativet, og prøva å kommentera korleis ein kan arbeida for å møte desse utfordringane:

Arbeidskraftutfordringa

- Det vil koma store rekrutteringsbehov, særleg innfor typiske kommunale yrke i helse og oppvekst, kombinert med auka konkurranse om arbeidskraft. Suldal er nøyd til å gjera seg attraktiv gjennom gode tenester innfor oppvekst i bygdene, samtidig som kommunen prioriterer tilbod som gjer at familiar fortset med å bu i kommunen. Kulturelle tilbod som t.d. kino, bibliotek, arrangement, basseng, attraktivt sentrum blir alle viktige. I utgangspunktet er dette tilbod som Suldal er for små til å ha, men som bør prioriterast i framtida.
- Kommunen bør halda god kontakt med sine unge som studerer eller arbeider i andre kommunar. Det er desse som er lettast å få tilbake. I tillegg blir det viktig og gje gode tilbod til arbeidsinnvandrar og flyktningar slik at kommunen i framtida kan dra nytte av deira kompetanse.

Kompetanseutfordringa, «alle kommunar skal gjera alt»

- Det er stadig nye oppgåver som blir lagt til kommunane, og det er ei forventning om at små kommunar skal løysa dei same oppgåvene som dei store. Mange av desse krev spesialkompetanse, og her meiner rådmannen at det kan bli meir og meir nødvendig å samarbeida med andre kommunar, samtidig som me vil måtte arbeida for å få kompetanse inn i kommuneorganisasjonen.

- Mindre kommunar, også Suldal, har oftast meir generalistar enn spesialistar tilsett innanfor dei ymse fagfelta. Ein typisk kommuneingeniør skulle tidlegare både vera brannsjef, leia utbyggingsoppgåvene og drifta tekniske tenester. I dag skal kommunen levera meir spesialiserte tenester enn tidlegare. I tillegg vil spesialistane ofte arbeida i fagteam med andre spesialistar. Folketal og busetnad i Suldal gir i lita grad slike muligheiter både no og i næraste framtid. Så ja, Suldal har pengar til å kjøpa seg kompetanse, men grunna krava til solide og utfordrande fagmiljø i lag med andre spesialistar, vil dette truleg bli meir og meir vanskeleg å få til. Også her er det to løysingar: Kjøpa tenestene av andre og samtidig gjera Suldal til ein attraktiv plass å bu.
- Alternativ kan vera at innbyggjarane må reisa til spesialistar når dei treng det, at ein får til interkommunale kompetanseklynger som kan tilby tenester, eller at ein kjøper tenester som kjem «reisande» til Suldal. Dette vil kanskje ivareta i alle fall deler av behovet til kommunen, men vil truleg bli meir vanskeleg jo lenger fram i tid ein ser.
- Unge arbeidstakarar med spesialkompetanse søker seg i dag til arbeidsplassar kor det er fleire som har same kompetanse. For fleire og fleire tenester bør Suldal samarbeida med andre kommunar. Her vil det vera behov for fleire enn berre ein nabokommune. Naturleg vil det etter rådmannen si meining vera å søkja meir formalisert samarbeid med Vindafjord, Etne og Sauda. Alternativet til dette ville vore Strand og Hjelmeland. No er det litt samarbeid om tenester i begge retningar, men i tiåra framover bør kommunen søkja å ta ein felles retning her. Den store utfordringa vil vera om kommunar ser seg tent med å «ha Suldal med på laget». Avstandsutfordringane som me ser i Suldal, ser dessverre endå større ut sett frå andre kommunar, og det kan gjera oss mindre attraktive.

Økonomiutfordringa

- Den eine utfordringa blir å skaffa oss samarbeidspartnarar, (eller «gode vener» om ein vil) i den politiske kampen det vil vera å behalda ordningar som er viktige for kommunen. Særleg blir dette viktig når det gjeld kraftinntektene som for Suldal utgjer 40 % av inntektene.
- Den andre utfordringa blir å tilpassa utgiftene til inntektene viss desse ikkje har same vekst, eller i verste fall blir redusert. Dette kan koma til å måtte krevja eit kommunestyre som er viljug til å ta dette styringsansvaret, sjølv når tenester og tilbod må reduserast. I dette ligg også å ta ut effektiviseringspotensialet. Suldal har mange gode tenester og ligg tradisjonelt over landsgjennomsnittet på utgifter til tenesteyting om ein ser på KOSTRA. Dei siste åra har det vore ei tilpassing, men framleis er kostnadane rimeleg høge i kommunen. Det ligg med andre rom for å omprioritera her.

Forventningsgaputfordringa

- Heile samfunnet opplever i dag eit aukande gap mellom dei ressursane som finns og dei forventningane folk har. Dette gapet blir større og større, og det vil krevja sterk prioritering å møta det. Kommunen, representert ved styrande organ, vil også møta ei forventning om at dei tenestene som store kommunar kan levera også skal kunne leverast her, og at sakshandsaming i enkeltsaker skal ha same kvalitet.

Aktuelle grensejusteringar

Det siste året har dette blitt hovuddebatt-temaet i kommunen. For oss er det tre aktuelle problemstillinger. Desse finn ein behandla i vedlegget om Suldal som eigen kommune.

Jøsenfjorden:

Det synest som rimeleg sikkert at fleirtalet av dei vel hundre innbyggjarane i denne grenda ynskjer seg til Suldal kommune. Suldal kommune har også to gonger laga ei avtale kor elevane frå Jøsenfjorden kunne starta som elevar på Erfjord skule, og i siste avtale også på Sand skule. Slikt verker det naturleg at dei soknar til vår kommune. No har Suldal kommune allereie ein del grender med lang avstand til nabogrender og kommunesenter, men dette er kanskje likevel den grenda som ligg mest naturleg til for grenseendring. Rådmannen vil likevel rå til at Suldal kommune avventar innspel frå grenda til sentrale styresmakter, men at kommunen allereie no signaliserer at Suldal ikkje vil stille seg negativ til å gå i drøftingar med Hjelmeland om slik grensejustering, dersom departementet ber om det.

Røldal:

Rådmannen opplever at situasjonen i Røldal er litt annleis. På mange måtar har Røldal kortare veg til tenester i Odda enn på Sand. Samtidig er det ikkje vanskeleg å vera samde i at Røldal og øvre Suldal på mange område høyrer saman, og det er lett å sjå fordelar, til dømes med ein felles ungdomsskule i Røldal, for dei to bygdene. Det er heller ikkje grunn til å tru anna enn at Røldal vil tilføra kommunen ekstra inntekter i tillegg til utgiftene.

Grensejustering mot Odda vil også krevja fylkesgrenseendringar, og det er difor naturleg å ha ei litt annan tilnærming enn for Jøsenfjorden. Røldal er også ein vesentleg større del av Odda kommune enn Jøsenfjorden for Hjelmeland, og det kan bli spørsmål om dette blir ei sak for Stortinget og ikkje berre departementet.

Dersom det kjem så langt at det blir avgjort grenseflytting, må arbeidet med avtalar skal gjerast med Odda kommune på andre sida av bordet.

SISTE: Folkerøystinga i Odda, som var 23. mai og etter at denne saka var skrive, viser at berre 1 av 3 innbyggjarar i Røldal ynskjer ein overgang til Suldal, 66 % røysta for at bygda framleis skal tilhøyra Odda. Frammøtet var på 70 %. Skulle Røldal skifta kommune burde det vore eit klart overtal for Suldal kommune, så det er no naturleg å stoppa heile denne prosessen.

Hylsstronda:

Det er ingen tvil om at innbyggjarane på Hylsstronda ynskjer å fortsetja som innbyggjarar i Suldal. Det burde samtidig ikkje vera tvil om at ei ny grense aldri hadde blitt trekt der ho er i dag, dersom det den gongen (1965) var veg til Sauda. Det er og blir unaturleg at ei bygd skal måtte køyra gjennom nabokommunen, for sikkerheits skuld også det største senteret i regionen, for å nå sitt eiga kommunesenter.

Det er heller ikkje naturleg at våre tenester, det vera seg heimesjukepleie, psykiatri eller fysioterapeut, må reisa 8-9 mil når det ville vore under 3 mil køyring viss grenda hadde høyrte til Sauda.

Rådmannen konstaterer at høyringsinstansane inneheld synspunkt både frå dei som vil behalda grenda i Suldal, og dei som vil flytta grensa slik at grenda blir lagt til Sauda kommune.

Innbyggerundersøkinga har også eit fleirtal som meiner grenda bør høyra til Suldal, men samtidig meiner 41 % at grenda høyrer til i Sauda.

Hylsstronda høyrer ikkje til i same bu- og arbeidsmarkedsregion som resten av kommunen, her høyrer dei til i Sauda-regionen.

Dei fleste kommunar har ulike kulturar innafor grensene sine, men det er ikkje vanskeleg å vera einige med dei som bur på Hylsstronda om at kulturskilnaden mellom Hylsstronda og «Saudabyen» er store. Det er sikkert også slik at det er andre ordningar innafor økonomi, tilskot, mm. som gjer at Suldal er betre enn Sauda, sjølv om nok dette kan overdrivast som argument.

Det er vanskeleg å fastslå at det er økonomiske argument for å behalda eller endra grensa, men dersom grensa blir ståande vil det vera naturleg at tenester blir gitt frå Suldal kommune sitt vanlege apparat. Dersom mange tenester likevel skal kjøpast frå Sauda burde vel grensa bli flytta?

Kommunestruktursaka, som Stortinget legg opp til, skal foreslå tidsmessige grenser som tek innover seg at kommunikasjonar er endra. Det er vanskeleg, også for rådmannen, å ikkje følgja innbyggerane på Hylsstronda sine ynskje sidan desse ynskja er så tydeleg formulert, men rådmannen finn det samtidig vanskeleg å tilrå at ein skal oversjå geografi og endringar i kommunikasjonar. Tilrådinga vil difor vera at Suldal kommune ber om ei grensejustering slik at Hylsstronda blir overført til Sauda. Grensa bør setjast mellom Tengesdalgarden og Lingvonggarden.

Folkerøysting:

I siste vedtak har kommunestyret ein føresetnad om at det skal vera ei folkerøysting dersom det kjem framlegg om å forandra grensene. Det betyr at det skal vera folkerøysting også viss kommunestyret rår til at grensa blir justert mot Sauda. Dato for ei slik folkerøysting kunne vera måndag 29. august eller måndag 5. september. Det vil då vera tid nok for kommunestyret å endra vedtak i kommunestyremøtet 13. september, og eit nytt vedtak kunne vore sendt til Fylkesmannen før hans frist for å gje uttale til departementet. (1. oktober.

No er det rimeleg klart at innbyggerane på Hylsstronda ikkje vil denne overføringa, det viser allereie innbyggerundersøkinga. Undersøkinga viser også at det er eit fleirtal mellom innbyggerane i kommunen for å behalda grensene. Det er kommunestyret som ut i frå ei heilskapsvurdering skal ta avgjerd, og dersom dei følgjer tilrådinga så gjer kommunestyret vedtak om grenseendring samtidig som det er godt kjent at innbyggerane på Hylsstronda ynskjer noko anna. Det er difor lita lita grunn til å avhalda folkerøysting med mindre kommunestyret trur denne røystinga vil gje eit anna resultat enn innbyggerundersøkinga.

Samla konklusjon:

Suldal kommune bør fortsetja som eigen kommune, men grunna endra kommunikasjonar sidan 1965 vil det no vera naturleg at det blir ei forskuving slik at Hylsstronda blir overført til Sauda, medan Jøsenfjorden blir overført til Suldal. Dette bør kunne signaliserast i tilrådinga som blir sendt fylkesmannen.

Når det gjeld grensejustering mot Odda, så vil rådmannen tilrå at kommunen tek folkerøystinga til etterretning, og avsluttar kontakt med arbeidsgruppa i Røldal.

Når Suldal skal fortsetja som eigen kommune bør det gode samarbeidet som blei utvikla i helsesamarbeidet med Sauda, Etne og Vindafjord takast opp at, men no med utvida fokus på andre viktige samarbeidsområde. Suldal bør ta initiativ til dette.

Formannskapet - 035/16

F - handsaming:

Til punkt 1:

Rådmannens pkt 1b går ut

Nytt punkt 1b:

Hylsstronda skal framleis vera ein del av Suldal kommune

Til punkt 4:

Punktum etter "folkerøysting" - tekst etter det punktum utgår

Endra punkt 1 c:

Suldal kommune vil stilla seg positiv til ei eventuell grensejustering kor Jøsenfjorden eller andre grender ønskjer å bli overført til Suldal kommune.

Forslag frå Nils Bjarne Vold, V:

1: Punkt 1b går ut

2 Nytt punkt 4: Synspunkta frå innbyggjarane er godt kjende gjennom innbyggjarundersøkinga. Det blir difor ikkje gjennomført folkerøysting.

Til punkt 1:

Rådmannens pkt 1b går ut

Nytt punkt 1b:

Hylsstronda skal framleis vera ein del av Suldal kommune

Endra punkt 1 c:

Suldal kommune vil stilla seg positiv til ei eventuell grensejustering kor Jøsenfjorden eller andre grender ønskjer å bli overført til Suldal kommune.

Punkt to går ut.

Til punkt 4:

Punktum etter "folkerøysting" - tekst etter det punktum utgår

Forslag frå Endre Kvæstad, SP:

Til punkt 1:

Rådmannens pkt 1b går ut

Nytt punkt 1b:

Hylsstronda skal framleis vera ein del av Suldal kommune

Til punkt 4:

Punktum etter "folkerøysting" - tekst etter det punktum utgår

Forslag frå Sverre Underbakke, H:

Endra punkt 1 c:

Suldal kommune vil stilla seg positiv til ei eventuell grensejustering kor Jøsenfjorden eller andre grender ønskjer å bli overført til Suldal kommune.

Forslag frå Nils Bjarne Vold, V:

1: Punkt 1b går ut

2 Nytt punkt 4: Synspunkta frå innbyggerane er godt kjende gjennom innbyggjarundersøkinga. Det blir difor ikkje gjennomført folkerøysting.

Gruppemøte

Nils Bjarne Vold, V, Sverre Underbakke, H, og Endre Kvæstad, SP, trekkjer sine forslag

Forslag frå Endre Kvæstad, Tone Mari Sand, Nils Bjarne Vold, Gerd Helen Bø og Sverre Underbakke:

Til punkt 1:

Rådmannens pkt 1b går ut

Nytt punkt 1b:

Hylsstronda skal framleis vera ein del av Suldal kommune

Endra punkt 1 c:

Suldal kommune vil stilla seg positiv til ei eventuell grensejustering kor Jøsenfjorden eller andre grender ønskjer å bli overført til Suldal kommune.

Punkt to går ut.

Til punkt 4:

Punktum etter "folkerøysting" - tekst etter det punktum utgår

Felles forslag mot rådmannen si innstilling.

5/7

Felles forslag vedtatt.

F: vedtak

1. Suldal kommune sender denne tilrådinga til Fylkesmannen i Rogaland:
 - a. Suldal kommune bør, grunna i geografi og avstandar til andre kommunesentra, også i framtida vera ein eigen kommune.
 - b. Hylsstrondo skal framleis vera ein del av Suldal kommune
 - c. Suldal kommune vil stilla seg positiv til ei eventuell grensejustering kor Jøsenfjorden eller andre grender ønskjer å bli overført til Suldal kommune

2. Kommunestyret ser at det vil vera stor trong for samarbeid med andre kommunar dei neste 20-30 åra når kommunen skal halda fram som eigen kommune. Kommunestyret ber difor ordførar og rådmann om å ta initiativ mot nabokommunar for å få fram ei sak om område det vil vera naturleg å starta planlegging av eit formalisert samarbeid på.

3. Synspunkta frå innbyggerane er godt kjent gjennom innbyggerundersøkinga. Det blir difor ikkje gjennomført folkerøysting.

Alternativ til punkt 3:

Det skal holdast folkerøysting i heile kommunen 29. august for å få ny tilbakemelding på punkt 1b. Ordførar får fullmakt til å godkjenna røysteordlyd. Rådmannen blir bedt om å førebu røystinga. Kommunestyret får presentert resultatet 13. september. Kostnader vert å utgiftsføra gjennom omfordeling i området «politikk».

Kommunestyret - 038/16

K - handsaming:

1. Suldal kommune sender denne tilrådinga til Fylkesmannen i Rogaland:
 - a. Suldal kommune bør, grunna i geografi og avstandar til andre kommunesentra, også i framtida vera ein eigen kommune.
 - b. Hylsstrondo skal framleis vera ein del av Suldal kommune
 - c. Suldal kommune vil stilla seg positiv til ei eventuell grensejustering kor Jøsenfjorden eller andre grender ønskjer å bli overført til Suldal kommune

2. Kommunestyret ser at det vil vera stor trong for samarbeid med andre kommunar dei neste 20-30 åra når kommunen skal halda fram som eigen kommune. Kommunestyret ber difor ordførar og rådmann om å ta initiativ mot nabokommunar for å få fram ei sak om område det vil vera naturleg å starta planlegging av eit formalisert samarbeid på.

3. Synspunkta frå innbyggerane er godt kjent gjennom innbyggerundersøkinga. Det blir difor ikkje gjennomført folkerøysting.

1. Suldal kommune sender denne tilrådinga til Fylkesmannen i Rogaland:

- a. Suldal kommune bør, grunna i geografi og avstandar til andre kommunesentra, også i framtida vera ein eigen kommune.
- b. Området på nordsida av Hylsfjorden, som har vegutløysing gjennom Sauda, bør i framtida vera ein del av Sauda kommune.
- c. Suldal kommune vil stilla seg positiv til ei eventuell grensejustering kor grenda Jøsenfjorden blir overført til Suldal kommune

2. Kommunestyret ser at det vil vera stor trong for samarbeid med andre kommunar dei neste 20-30 åra når kommunen skal halda fram som eigen kommune. Kommunestyret ber difor ordførar og rådmann om å ta initiativ mot nabokommunar for å få fram ei sak om område det vil vera naturleg å starta planlegging av eit formalisert samarbeid på.

3. Synspunkta frå innbyggerane er godt kjent gjennom innbyggerundersøkinga. Det blir difor ikkje gjennomført folkerøysting sjølv om 1b legg opp til endringar.

Ordførar får fullmakt til å laga eit følgjesbrev med grunngjeving for kvifor Hylsstrondo skal vera ein del av Suldal kommune.

Forslag til vedtak frå AP og KrF:

1. Suldal kommune sender denne tilrådinga til Fylkesmannen i Rogaland:

- a. Suldal kommune bør, grunna i geografi og avstandar til andre kommunesentra, også i framtida vera ein eigen kommune.
- b. Området på nordsida av Hylsfjorden, som har vegutløysing gjennom Sauda, bør i framtida vera ein del av Sauda kommune.
- c. Suldal kommune vil stilla seg positiv til ei eventuell grensejustering kor grenda Jøsenfjorden blir overført til Suldal kommune

2. Kommunestyret ser at det vil vera stor trong for samarbeid med andre kommunar dei neste 20-30 åra når kommunen skal halda fram som eigen kommune. Kommunestyret ber difor ordførar og rådmann om å ta initiativ mot nabokommunar for å få fram ei sak om område det vil vera naturleg å starta planlegging av eit formalisert samarbeid på.

3. Synspunkta frå innbyggjarane er godt kjent gjennom innbyggjarundersøkinga. Det blir difor ikkje gjennomført folkerøysting sjølv om 1b legg opp til endringar.

Forslag frå ordførar Gerd Helen Bø:

nytt punkt 4:

Ordførar får fullmakt til å laga eit følgjesbrev med grunngjeving for kvifor Hylsstrondo skal vera ein del av Suldal kommune.

Innstilling frå formanskapet: 14 stemmer. Forslag frå AP/KrF: 5 stemmer

Innstillinga frå formannskapet var vedtatt.

Nytt punkt 4 frå Gerd Helen Bø samrøystes.

k: vedtak

1. Suldal kommune sender denne tilrådinga til Fylkesmannen i Rogaland:
 - a. Suldal kommune bør, grunna i geografi og avstandar til andre kommunesentra, også i framtida vera ein eigen kommune.
 - b. Hylsstrondo skal framleis vera ein del av Suldal kommune
 - c. Suldal kommune vil stilla seg positiv til ei eventuell grensejustering kor Jøsenfjorden eller andre grender ønskjer å bli overført til Suldal kommune

2. Kommunestyret ser at det vil vera stor trong for samarbeid med andre kommunar dei neste 20-30 åra når kommunen skal halda fram som eigen kommune. Kommunestyret ber difor ordførar og rådmann om å ta initiativ mot nabokommunar for å få fram ei sak om område det vil vera naturleg å starta planlegging av eit formalisert samarbeid på.

3. Synspunkta frå innbyggjarane er godt kjent gjennom innbyggjarundersøkinga. Det blir difor ikkje gjennomført folkerøysting.

4. Ordførar får fullmakt til å laga eit følgjesbrev med grunngjeving for kvifor Hylsstrondo skal vera ein del av Suldal kommune.

